



Det er mykje snakk om stemmefiske eller røstefiske om dagen, men det går stadig føre seg andre formar for fiske - til dømes brislingfiske! I dag har det vore mogeleg å sjå det frå orkesterplass i Uskedalen. Eit brisling bruk frå Finnøy i Rogaland har vore i aktivitet midt i Storsundet.

Heilt rett er dette ikkje, for fiskarane har faktisk ikke kasta i dag. Dei har vaska nota. Skipparen kan opplysa til uskedalen.no at dei har fiska her i traktene i dei 4 vekene fisket har vore i gang og han er godt fornøgd med utbyttet. Resultatet er da også 160 tonn.

- Og så er det så trivelege folk her, legg rogalendingen til.
- Triveleg å sjå att brislingbruka, som det kunne vera opptil 10 av i området då eg vaks opp, kvitterer ein middelaldrande uskedeling.

På bileta over og under er mannskapet igang med notvaskinga.

Foto: Ola Matti Mathisen

